

Ordfører Øyvind Oddekalv

Dato: 23.05.2016
Vår ref.: 2016/5103-1
Saksbehandlar: anifjel
Dykkar ref.:

Kjære ordfører

Årets TV-aksjon går til Røde Kors, og saman skal vi redde liv og gje omfattande helsehjelp til nokon av dei mest sårbare i verda, sivile råka av krig og konflikt. Gjennom TV-aksjonen skal fleire menneske i krig- og konfliktområder få livsviktige medisinar, helsehjelp, reint vatn og mat. Det er stor trong for hjelp, og kvart bidrag er med på å redde liv. 10 % av midlane skal også brukast til å styrke Røde Kors sitt arbeid med integrering av flyktningar i Norge. Aksjonen har fått namnet «Saman får vi hjelpen heilt fram».

I år skal eg vere leiar for TV-aksjonen her i Hordaland, og har difor ei ekstra oppmoding til alle kommunar i fylket vårt om å opprette kommunekomitear. Saman skal vi syta for nok bøssebærarar i Hordaland. I den samanheng visar eg til epost de har motteke frå fylkesaksjonsleiar i Hordaland Marthe Jansen.

Eg gler meg til felles dugnad!

Anne Gine Hestetun
fylkesordfører